

Årsmøte i Foreldrerådet ved Elvetun Skole

09/11/11 kl. 18.00

### **Del 1. Årsmøtet – For ALLE foreldre/foresatte ved skulen.**

Sak 1. Val av referent, Synnøve Nupen, og møteleiar, Tanja Skjervheim.

Sak 2. Gjennomgang av Årsberetninga for FAU frå forrige skuleår, 2010-11. Spesielt ei klasse (6.kl.) får av leiaren i FAU mykje skryt for arbeidet som blir gjort i klassa. Lego-league blir trekt fram som eit godt eksempel på glimrande samarbeid mellom foreldre og elevar. Å jobbe i eit prosjekt saman påverkar miljøet i klassa på ein flott måte. Kan vi lære noke av denne måte å jobbe på?

Leiar sin konklusjon er at det hender mykje positivt i klassene. I nokre klassar meir enn i andre. Tanja prata om at det er viktig med positiv kommunikasjon mellom skulen, heimen og elevane.

Tanja prata også om ei utfordring i å få "penger på bok" i FAU. Evt. tiltak vi kan gjere for elevane, som å få inn meir kapital for evt. innkjøp til glede for alle? Korleis samle inn pengar? 10.klasse samla over år inn nesten 200.000,- til klassetur. Diskusjonen fortsetter ved eit seinare høve.

Sak 3.Val av nytt styre.

Leiar Tanja ynskjer å tre av som leiar i FAU. Ho har vore i ein periode på 2 år som leiar.

Det er ikkje mange frammøtte til årsmøtet denne kvelden, men engasjementet blant dei som er tilstade er veldig stort! Fleire ynskjer å stille til val då dei vil arbeide vidare med foreldre / skule samarbeidet. Det nye styret ser slik ut:

Halvdan Sætherskar – leiar.

Ann Mari Nergård – st.medl.

Randi Vaeng – st.medl. og leiar undomstrinnets klassekontaktar

Venke Heide – st.medl. og leiar mellomtrinnets klassekontaktar.

Tanja Skjervheim – st.medl.

Børre Ertzaas – st.medl.

John Bruvoll – st.medl.

Nina Nikolaisen – st.medl. og leiar småtrinnets klassekontakter.

## **Del 2. Berre for klassekontaktene, styret og rektor.**

Kort evaluering av FN-dagen. Tanja kunne fortelle at utifrå evalueringsskjema, var halvparten svært positive både til laurdag og ny arrangementsform, resten var misfornøgd med val av ein laurdag, men positiv til ny arrangementsform. Nokre få var svært misfornøgd med alt, og deltok heller ikkje. Tanja er klar på at skal ein få til eit slikt positivt arrangement som denne fn-dagen var, så blir det vanskeleg å få til med val av ein seinkveld midt i veka. Da må vi ev. tilbake til "gammal lest" – vil vi det?

Det blir opp til skulen å avgjere om det til neste år blir ein laurdag eller på ein kvardag/kveld. Evaluering fra foreldregrupper er sendt rektor.

Leiar inf. om fug.no som er paraply organisasjonen til alle FAU'er. Her står nyttig info. om det FAU er oppteken av. [www.fug.no](http://www.fug.no) – sjekk ut!

Sak 1. Trinnteam-utsett til neste møte.

Leiar Tanja Skjervheim tok opp vaktmeistersituasjonen ved Elvetun. Også fung.rektor May Elin Hals seier seg heilt einig i at situasjonen utan å ha ein vaktmeister er uholdbar. Spørsmål frå salen om f.eks. brannforskriftene blir fulgt opp? Rektor informerer at det blir det ikkje. Så skulen ynskjer ein vaktmeister snarast. Frå salen kjem fleire synspunkt på dette. Også at skulen kunne tilsette ein vaktmeister som også er ped.utdanna som kunne bidra i læringssituasjonar for elevar som har behov for praktisk lære for eksempel. Dette meiner fleire i salen kan vere lurt. Kanskje kan dette også hjelpe på i det nye skulebygget ved at elevane tek meir ansvar for skulen sin? Blir mindre hærverk/øydelegging/uforsiktighet? FAU vil arbeide for at det blir ei vaktmeisterstilling ved skulen. Slik situasjonen er no må rektor kontakte teknisk avd. for både små og store ting, men dei har ofte ikkje kapasitet. Og det kan ta fleire dagar før dei dukkar opp.

## **Foreldrerolla.**

Leiar tek opp eit tema som er veldig aktuelt – knytta til foreldrerolla. F.eks.: kva rolle har vi som foreldre / foresatt om vi eller barnet vårt ser eller veit at ein medelev ikkje har det heilt greit? Konklusjonen er : At vi har eit stort ansvar. Som den klassiske utfordringa: Ein elev i ei gruppe får ikkje invitasjon til ein bursdag/venneovernatting etc. Her må vi vaksne ta ansvar og sørge for at ALLE blir invitert. Evt. alle jentene eller alle gutane. Alle må inkluderast. Seier noken «Nei» - ikkje slutt med å invitere. Ingen vil vere heilt åleine, men velger å si "nei" som ein forsvarsmekanisme? Vi foreldre må ta det ansvaret å bevisstgjere barna våre på at alle har krav på bli sett, ha det bra, bli respektert og at ein

ikkje skal stenge noken ute frå fellesskapet. Foreldre og lærarar er forplikta til å ta tak i episodar som handlar om utestenging og mobbing. Jmf "Zeroplanen".

Elevar som blir utestengt, vil ofte også trekke seg unna aktivitetar i fritida. Vi snakkar difor om eit lokalsamfunnsproblem.

Samarbeidsutvalet ved skulen skal ha 2 foreldrerepresentantar.

Halftan Sætherskar og Berit Jakobsen vert vald.

Møtet slutt kl. 20.15

*Ref. Synnøve Nupen*